

Fra: Vegard Bjørnevik[vegard.bjornevik@kvinnherad.kommune.no]
Sendt: 24.06.2025 13:45:25
Til: Målfrid Vik Sønstabø; post@skyss.no[malfrid.vik.sonstabo@skyss.no; post@skyss.no]
Kopi: Post[post@kvinnherad.kommune.no]; Anbjørn Høivik[anbjorn.hoivik@kvinnherad.kommune.no];
Tittel: Spørsmål vedrørende trafikkavviklinga på sambandet Årsnes – Varaldsøy – Gjermundshamn

Spørsmål vedrørende trafikkavviklinga på sambandet Årsnes – Varaldsøy – Gjermundshamn

Me ser igjen store utfordringar knytt til trafikkavviklinga på ferjesambandet Årsnes – Varaldsøy – Gjermundshamn. Me er uroa over situasjonen, både for gjennomgangstrafikken og ikkje minst for lokaltrafikken til og frå Varaldsøy.

Sambandet er ekstra viktig i sommarmånadene, då trafikken aukar monaleg grunna turisme i Kvinnherad og Hardanger. Me er heilt avhengige av føreseielege reisetilhøve i denne perioden – både for fastbuande, næringsliv og tilreisande.

Difor ønskjer me svar på følgjande:

1. Kva tiltak jobbar Skyss med no for å sikre betre føreseielegheit og stabilitet i trafikkavviklinga på sambandet?
2. Kva er dei viktigaste utfordringane som gjer at me igjen står i ein situasjon med dårleg drift eller uvisse?
3. Kva planar ligg føre for å betre regulariteten og tryggleiken i sambandet på både kort og lengre sikt?

Me meiner det er naudsynt med betre kommunikasjon, og konkrete tiltak som kan sikre at denne livsnødvendige sambandslinja fungerer som den skal – også i høgsesongen.

Med helsing

Vegard Bjørnevik Ordførar

Mobil: +47 41465479 | Tlf: 53 48 31 00

www.kvinnherad.kommune.no



Ver merksam på at all dialog på e-post som er arkiverdig etter arkivlova, vil bli registrert i vår offentlege postjournal.